

Signal frå barn og unge på mogleg mistrivsel

I tabellane under er det eksempel på ulike signal hos barn og ungdom som kan vere teikn på at barnet lever i ein situasjon prega av utilstrekkeleg omsorg. Observasjon av fleire teikn og signal som varar over tid, tilseier at det er auka grunn til bekymring. Lista er ikkje uttømande og er berre rettleiande.

Fysisk	Sosialt	Psykisk	Fagleg	Anna
<ul style="list-style-type: none"> Dårleg hygiene, klede, tannhelse Teikn på fysisk vald (merker, hoven m.m.) Er passivt eller anspent Grin meir enn før / meir enn det som er vanleg for aldersgruppa Fysiske plager som kvalme, vondt i hovudet, magen m.m. Skadar seg sjølv Trøtt og sliten, søvnavanskar Trekk seg tilbake og er stille Forsinka utvikling – eller at barnet mister ferdigheiter det har hatt (f. eks. at barnet begynner å tisse på seg). 	<ul style="list-style-type: none"> Søker ikkje kontakt med vaksne og avviser nærleik Overdriven vaksensøkande/klengete åtferd Ofte/gjentakande i konflikt, aggressiv i konflikt Er mykje åleine/vert halden utanfor Meistrar ikkje å etablere sosial kontakt med barn på same alder Manglande nysgjerrigheit og interesse for omgivingane Viser stor vilje til å ta ansvar og tilpasse seg Snakkar usant, har lett for å overdrive Vert i stor grad påverka av uro frå omgivingane 	<ul style="list-style-type: none"> Verkar engsteleg, uttrygg Nedsett sjølvbilete (omtalar seg sjølv eller familien på ein nedsettande måte) Tap av minne 	<ul style="list-style-type: none"> Har vanskar med å konsentrere seg Har vanskar med å lære Språkvanskar (endring) 	<ul style="list-style-type: none"> Endring av fysisk, sosial, psykisk eller fagleg art Ofte vekke frå barnehage/skule Held ikkje avtalar Fortel om vanskeleg livssituasjon/hending – OBS på «små drypp» Viser interesse for rus og kriminalitet Uheldig nettbruk

